



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege fellestråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Kyrkjekontoret 30.03.2021

Møtebok Høyanger kyrkjelege fellestråd

Møtedato: 25.03.2021

Møtetid: Kl. 10.00

Møtestad: Høyanger bedehus

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Torunn Styve, Rolf Aamot, Sissel Sørebbø var med på telefon, Frode Merkesvik, Andreas Ester

Meldt forfall:

Tonje Førde Systad, Kenneth Førde

Kopi av møteboka går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Monica Sunde Tjønnås, Toril Børkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Innkalling og møtebok vart godkjent utan merknader. Til saklista kom det to ekstra meldingssaker; Orientering om gudstenesterestriksjonar i Påska, og orientering om at nokre kommunar har avgiftsfritak for barnegraver.

Meldingssaker

014

Soknepresten har ordet

Soknepresten talte over Filipparane 2, om at Gud valde å bli eit sårbart menneske som oss, og at han fullt ut vart kjend med dei menneskelege begrensingane. Han møtte hån, forakt, svik, fornedring og død. Men han gjekk gjennom alt dette for å frelse oss frå det vonde. Difor kan han også kome oss til hjelp under alle dei kår menneskelivet byr på.

015

Framtida til Høyanger Bedehus

Soknerådsleiar May-Wenche orienterte etter soknemøte i Høyanger 21.03.2021. Der kom det fleire innlegg til støtte for og oppfordring om å overta bedehuset, men det var også nokre kritiske røyster. Saka skal opp i soknerådsmøte i Høyanger 07.04.2021 til endeleg konklusjon.

016

Framtidig opplegg for trusopplæring i Høyanger/Hyllestad

Gjeldande trusopplæringsplanar er oversende til det respektive sokn for gjennomgang. Dei er svært omfattande og må reviderast med sikte på forenkling og samordning. Kan det vere ein felles plan for Høyanger kommune? Dette arbeidet bør starte no, i tett dialog med kyrkjelydspedagogen og bispedømmet. Ved skifte av trusopplærar bør ein tenkje nytt, og leggje opp til ei kraftig styrking av arbeidet i Høyanger og i Kyrkjebø sokn. Det vil vere naturleg at HKF overtek arbeidsgjevaransvaret. Stillinga som skal lysast ut bør vere med størst mogeleg stillingsprosent, med sikte på å få tilsett kateket eller kyrkjelydspedagog. Dette er viktig for å stette vilkåra for det statlege tilskotet.

017 Kyrkjebygg og akutte naturfarar

HKF har motteke brev frå KA om ei pågåande kartlegging av kyrkjebygg og akutte naturfarar. I vårt område er det to kyrkjer som er til vurdering; det er Lavik kyrkje som er vurdert i høve til flomfare, der den er plassert i fareklasse Gul. Dessutan er Kyrkjebø kyrkje vurdert i høve til snøskredfare, der den er plassert i fareklasse Grøn. Brevet med kart og vurderingar er vedlagt sakspapira.

018 Synfaring i kyrkjer og på gravplassar

I samband med fellesrådet sitt neste møte den 29.04. vert det synfaring i Vadheim bedehus, på Vadheim gravplass, i og ved Kyrkjebø kyrkje, og i Høyanger kyrkje og på gravplassane i Høyanger. Vi møter i Vadheim bedehus kl. 10.00.

019 Gudstenestene i Påska er avlyste

Kyrkjeverja og soknepresten orienterte om at alle gudstenester i Påska er avlyste pga. nye nasjonale retningslinjer for arrangement. På vår heimeside ligg det digitale gudstenester for Palmesøndag, Skjærtorsdag, Langfredag, Påskenatt og Påskedag, som vart innspelte til påska i fjor. Dessutan blir det opa kyrkje i Høyanger på Langfredag kveld, og i Kyrkjebø på påskeafta etter ringinga. Då vil det vere høve til stillheit, bøn og lystenning for max. 10 personar samtidig, med maske, antibac og 2 meters avstand. Begge stader med vakt som ser til at reglane vert overhaldne.

020 Barnegraver eldre enn 30 år

Kyrkjeverja orienterte om at enkelte kommunar har særlege reglar om fritak for festeavgift for barnegraver som er eldre enn 30 år. Dette har ikkje vore praksis i Høyanger tidlegare, og fellesrådet ser ikkje behov for å innføre særlege reglar på dette feltet.

Vedtaksaker

07/2021 Godkjenning av Årsmelding 2020

Saksutgreiing:

Årsmeldinga er no komplett med det økonomiske resultatet for 2020, og med dei merknader og retningar som vart gjort i fellesrådet sitt forrige møte. Årsmeldinga vert no lagt fram for fellesrådet til endeleg godkjenning.

Vedtak:

Årsmelding 2020 vert godkjend slik den no føreligg. Samrøystes.

08/2021 Godkjenning av HKF sin Rekneskap for 2020

Saksutgreiing:

HKF sin rekneskap for 2020 er saldert med eit netto driftsresultat på kr. 64 706,47 som utgjer 1,2% av driftsinntektene. Sum driftsutgifter er 144 000 over budsjett, men driftsinntektene er 224 000 over budsjett, slik at brutto driftsresultat er 80 000 betre enn budsjett. Lågt rentenivå gjer at finansinntektene er 15 000 under budsjett. Årets mindreforbruk på kr. 64 706,47 er avsett i balansen som rekneskapsmessig mindreforbruk, som fellesrådet skal disponere. Etter økonomiforskriftene skal fellesrådet i samband med godkjenning av årsrekneskapen vedta disponering av eit evt. mindreforbruk i det året rekneskapen vert lagt fram, dette gjeld også udisponert i investeringsrekneskapen. Sjå vedlagt rapport frå Økonomiavd. i Høyanger kommune.

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner den framlagde rekneskapen til HKF for 2020. Når Revisjonen av rekneskapen 2020 er ferdig, vert rekneskapen teken opp til endeleg godkjenning. Netto driftsresultat 2020 på kr. 64 706,47 skal avsetjast på fellesrådet sitt disposisjonsfond.
Samrøystes

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje